

Både pluss og minus for eigedomsselskapa

22.09.2012

**Uskedal Brygge AS (Beinavikjo) hadde i fjor eit negativt årsresultat på 286 000 kroner, men eit driftsresultat på 76 000 kroner.
To andre eigedomsselskap i bygda kom ut på pluss-sida i begge høve.
Det var Auto 88 Eigedom AS som hadde 155 000 i driftsresultat og 44 000 i årsresultat og Eidsvik Eigedom AS som hadde ein pluss på 818 000 og 8 000 på dei 2 postane.**

I gruppa som omfattar grunnarbeid og bygg hadde Byggpartner Kvinnherad 550 000 i driftsresultat og 654 000 i årsresultat. Driftsinntektene til dette firma kom opp i 9 366 000 i fjor. Men Uskedal Trelastlager nådde heilt opp i 14 925 000 i driftsinntekter og kan presentera 722.000 og 514 000 i års- og driftsresultat. Begge desse verksemdene må med andre ord ha grunn til å vera nøgde. Det er Grenda som gjev att desse tala.